

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 19.01.2012
Sakhandsamar: **Tom Hansen**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per desember 2011**

Arkivsak

2011/134/

Styresak 004/2012 A

Styremøte 27.01.2012

Framlegg til vedtak

Rapportering frå verksemda per desember 2011 vert teken til vitande.

Oppsummering/ samandrag

Styrerapporteringa er utarbeidd per 31.12.2011. Rapporten fokuserer på ulike indikatorar innanfor følgjande perspektiv:

Kvalitet

Ventetider for behandla pasientar er på veg nedover, og nådde nesten målsetninga på 65 dagar i løpet av 2011. Vi var nær målsettinga om ingen fristbrot i løpet av 2011, og talet på korridorpatientar er gledeleg lågt. Det er betring innan psykisk helsevern for barn og unge. Talet på langtidsventarar aukar og målsetninga kan ikkje nåast her i løpet av 2011. Stadig aukande del kontrollar ved poliklinikkane vil gjere det vanskeleg å nå måla framover. Epikrisetidene held seg stabilt bra.

Aktivitet

Akkumulert ligg produksjonen 93 DRG poeng bak budsjettet (0,4 %).
Dagkirurgi/dagopphald er 0,7 % færre enn fjoråret (67 opphald).
Poliklinisk aktivitet er 4,1 % høgare enn fjoråret (4.536 konsultasjonar)
Vi har 655 færre heildøgnsopphald enn fjoråret (3,6%).

Økonomi – førebels per 13. januar 2012

Perioderesultatet var 4,0 mill. kroner svakare enn budsjett for månaden: Inntektene var 4,5 mill. kroner høgare enn budsjett og kostnadane var 8,5 mill. høgare enn budsjett.

Bokført resultat etter tolv månader er negativt med 54,5 millionar kroner, noko som er 14,5 millionar svakare enn budsjett. Eit underskot på 55 mill. er det mest trulege resultatet for 2011.

Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 516 mill. Per 1. november var det trekt opp 403 mill.

Medarbeidarar

Sjukefråværet i november er lågare enn fjoråret; 6,12 % i 2011 mot 7,13 % i november i fjor.

Brutto månadsverk i desember var 17 fleire enn same periode førre året.
Netto månadsverk i desember var fire færre enn same periode førre året.

I høve desember 2010 er deltid redusert med om lag 4,8 %, og faste stillingar auka tilsvarande.

KVALITET

Ventande/Ventetider

- Gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar ligg samla sett på 69 dagar i desember 2011, ein nedgang på 5 dagar i høve førre månad. Det er tett på målsetninga på 65 dagar i løpet av 2011.
- Talet på behandla pasientar ligg litt under desember i fjor, men med ein større del ikkje-prioriterte pasientar.
- Samla tal ventande er noko lågare enn i fjoråret, litt under halvparten er rettigheitspasientar.
- Talet på langtidsventande er aukande i høve november 2011 med 197 pas. som tilsvarar 3%. Dette er ikkje tilfredsstillande og ikkje i pakt med målsetninga. Området må ha særleg merksemd inn i 2012.

Epikrisetider

På dette området ser det no ut som om ein har stabilisert seg på ei god måloppnåing, og greier å halde seg samla sett over 80 % både innanfor psykisk helsevern og somatikk over tid.

Korridorpasientar

Eit arbeid har vore i gang med tanke på å unngå korridorpasientar i Helse Førde ved å nytte ledig kapasitet i andre avdelingar, og på pasienthotellet. Den svært positive utviklinga heldt også fram i desember då det var 18 korridorpasientar. Ingen av desse er innanfor psykisk helsevern.

Fristbrot

Etter å ha kome ned i 0 % fristbrot tidlegare i 2011, var det ei tid fram til september 2011 ein aukande tendens igjen. Etter september 2011 har tendensen igjen snudd i positiv retning og det kan sjå ut som ein kan greie målsetninga ved utgangen av året igjen. Det er ei gledeleg betring innanfor ungdomsgarantien (BUP) også for desember, og målet framover om heilt å eliminere fristbrot er realistisk.

Stryking av planlagde operasjonar

Helse Førde har over tid klart å ligge under måлтаlet på under 5 % strykingar frå planlagde operasjonar.

Utskrivingsklare pasientar

I desember var det ein betydeleg oppgang igjen av utskrivingsklare pasientdøgn i Helse Førde, i høve månaden før som var svært låg. Det samla talet er 296 i desember. Det blir då ekstra interessant korleis dette biletet blir for januar 2012.

Del kontrollar på poliklinikkar

Det ser ut til å være aukande del kontrollar på poliklinikkane samla sett over dei siste månadane. Dette kan være den største utfordring i høve til å få ned ventetider og eliminere fristbrot og langtidsventande framover. Samhandlingsreforma legg opp til at mange av desse må kunne overførast til kommunehelsetenesta. Del kontrollar varierer innanfor dei ulike fagområda.

AKTIVTET

Somatikk

Aktivitet per desember 2011	Akkumulert				
	Faktisk	Plan	Avvik vs. plan	I fjor	Avvik vs. ifjor
DRG-poeng pasienter tilhørende egen region, (A)	24 044	24 080	(36)	24 402	(357)
DRG-poeng pasienter tilhørende andre regioner - fakturering av gjestepasienter, (B)	522	579	(57)	636	(114)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	24 566	24 660	(93)	25 037	(471)
DRG-poeng pasienter beh andre region	1 667	1 547	120	1 515	151
Sum drg-poeng egne pasientar	25 711	25 627	84	25 917	(206)
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	3 442	2 689	752	2 653	789
Antall Dagkirurgi/dagbehandling	9 937	10 050	(113)	9 883	54
Antall sykehusopphold	17 514	19 200	(1 686)	18 169	(655)
Antall polikliniske konsultasjoner	115 483	109 200	6 283	110 947	4 536

Perioden

Aktiviteten i perioden var 1,8 % større enn plan målt i tal behandla pasientar. Samla DRG produksjon i føretaket i perioden er 3,2 % høgare enn måltalet. Produksjonen i perioden var 63 poeng meir enn budsjett. Det er behandla 11.274 pasientar i perioden.


Akkumulert

Akkumulert ligg produksjonen 93 DRG poeng bak budsjettet (0,4 %). Vi ligg 1,9 % bak fjorårsproduksjonen målt i tal DRG poeng (471 poeng), men har ein auke på 2,8 % frå førre året målt i tal pasientar. Dagkirurgi/dagopphald har ein auke på 0,5% mot fjoråret. Poliklinisk aktivitet er 4,1 % høgare enn fjoråret (4.536 konsultasjonar). Vi har 655 færre heildøgnsopphald enn førre året (3,6%).

Psykiatri


PBU

Aktivitetsutvikling i heildøgnsopphold innenfor BUP per HF



UPH har hatt ein auke i belegg frå november til desember. Akkumulert er belegget noko under plan, men det er store svingingar i ein så liten post. Statistikken viser eitt fristbrot i desember. Avdelinga rapporterer at det ikkje har vore reelle fristbrot. Det ligg føre registreringsfeil som avdelinga ikkje har fått korrigerd enda.


Utvikling i dagopphold (dag+poli) innenfor BUP per HF



Det er nedgang i tal polikliniske konsultasjonar. Dette skuldast innføring av DIPS, som har vore eit ressurskrevjande prosjekt. Det har vore lagt opp til lågare aktivitet i etterkant, for å unngå feil som følgje av det nye systemet. Resultatet er såleis som forventa.


PVO

Aktivitetsutvikling i heldøgnsopphold innenfor Psykisk Helse for voksne per HF



Nedgangen i liggedagar i PHV er ein konsekvens av dei tiltaka som er gjort i 2011 ved at ISP og NPS har redusert tal senger. Frå sentralt hald er det eit ønskje om å vri verksemda frå døgnbehandling til dag/poliklinikk.

Aktivitetsutvikling dagopphold (dag+poli) innenfor Psykisk Helse for voksne HF



Auka poliklinisk aktivitet i 2011 er ein konsekvens av tiltak PHV har gjort. Det er eit sentralt mål å vri behandlinga frå døgn til dag/poliklinikk.

For familiebehandling rus på Tronvik har det ikkje vore tilvisingar, og på denne avdelinga har vi ikkje hatt innlagte pasientar etter juli 2011. Dette er årsaka til at tal liggedøgn rus er lågare enn budsjettet. Styret har gjort vedtak om at familietilbodet på Tronvik skal leggest ned.

ØKONOMI – førebels, per 13. januar 2012.

Perioden

Perioderesultatet var 4,0 mill. kroner svakare enn budsjett for månaden: Inntektene var 4,5 mill. kroner høgare enn budsjett og kostnadane var 8,5 mill. høgare enn budsjett.

Hittil

Bokført resultat etter tolv månader er negativt med 54,5 millionar, noko som er 14,5 millionar svakare enn budsjett.

Inntektene hittil i år er 8,5 mill. høgare enn budsjett.

Kostnadssida hittil i år syner eit negativt avvik mot budsjett på 23,0 mill. kroner.

- lønskostnadane syner eit meirforbruk på 23,5 mill. kroner.
- varekostnader har eit mindreforbruk på 2,5 mill. kroner.
- meirforbruk på andre driftskostnadar utgjer 4,5 mill. kroner.
- finanskostnader syner eit mindreforbruk på 2,5 mill. kroner.

Prognose

Det mest trulege resultatet for Helse Førde i 2011 er eit underskot på 55 mill.

Likviditet

Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 516 mill. Per 1. januar var det trekt opp 403 mill.

MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær

Sjukefråværet i Helse Førde vart på 6,12 % i november 2011. I november 2010 var sjukefråværet på 7,13 %. Tal for desember kan rapporterast på i neste styremøte.


Månadsverk

Brutto månadsverk i desember var 2.204. Dette er 17 færre enn same periode førre året. Netto månadsverk i desember var 2.002. Dette er 4 fleire enn same periode førre året.

Bruk av deltid

Del heiltid var 64,2 % i desember. Bruk av deltid var 31,6 % medan tilkallingshjelp låg på 4,1 % i desember.

Desember 2010 hadde 62,3 % heiltid og 33,2 % deltid, slik at det er ein vridning frå deltid til heiltid på 1,6 prosentpoeng målt mot førre året. Dette utgjør ein reduksjon i deltid med 4,8 % i høve desember 2010.



Tilsynsrapport som grunnlag for læring – per 1. januar 2012

Helseføretaka skal, ut frå pålegg i Styringsdokument for Helse Førde HF 2011, rapportere månadleg til styra og Helse Vest RHF på status i tilsynssaker frå Helsetilsynet, og på status i tilsynssaker frå andre myndigheitsorgan.

Helse Førde HF							
Oversikt over tilsynssaker per 01.01.12 frå Helsetilsynet: Oversikt over status i tilsynssaker som er gjennomførte og ikkje er avslutta, eller er avslutta etter førre rapportering, samt systemrevisjonar							
Namn på avdeling	Område for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato	Eventuelle kommentarar
UPH	Tilhøva ved UPH i høve m.a. kvalifiserte legar	21.09.11	Ja, drifta stettar ikkje krav til forsvarleg verksemd	sendt brev 01.09.11	Under behandling		Saka vart oppretta i 2007. Er ikkje gjennomført tilsyn på staden.
Psykiatr. Klinik	Korridor-pasientar		Ja, for stor bruk av korridorpas.	Sender rapport kvar 3. mnd.	Under behandling. Sendt rapp. 18.11.11		Saka vart oppretta i febr. 11. Er ikkje gjennomført tilsyn på staden.
Med. avd NSH	Prioriteringsrutinane		HFD har sjølv meldt avvik	Sendt svar til HT 28.11.11	Under behandling		Sak oppretta sept.11. Er ikkje gjennomført tilsyn på staden.
Ambul. Aurland	Bemanningsavdelingar		Sendt svar 05.12.11	Svarfrist 31.10.11	Under behandling		Oppretta tilsyn 04.10.11. Er ikkje gjennomført tilsyn på staden.
Ortopedisk avd.	Prioritering av tilvising		HFD har sjølv meldt avvik	Sendt brev 14.11.11	Under behandling		Oppretta 17.10.11. Er ikkje gjennomført tilsyn på staden.

Status i tilsyns-, kontroll og klagesaker som gjeld andre myndighetsorgan Helse Førde HF			
Tilsyns- myndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentar/status
Arbeidstilsynet	25.05.11	Ambulansestasjonar, landsdekkande kampanje "Føre var". Helse Førde er gitt 11 pålegg som gjeld: kartlegging, risikovurdering, handlingsplan, opplæring, arbeidssituasjon, verneområde, BHT, arbeidskle, helsekontroll, arbeidstid, arbeidslokale. Ulike fristar for lukking av avvika, siste frist 01.01.13	Er gjennomført tilsyn 17.08 Slutt møte 19.10.11. Gjeld førebygging av muskel- og skjelett-plager hjå ambulansetilsette
Datatilsynet	09.08.11	Helseforskning	Tilsyn nov.11
Statens strålevern			Inga sak
Mattilsynet	28.09.11	Matproduksjon ved kjøkken, FSS. Varsel om vedtak om pålegg er gitt med frist 10.01.12. Anmerkning og pålegg er lukka.	Tilsyn gjennomført 19.10.11. Saka er avslutta 17.11.11
DSB (dir. for samf.sikkerhet og beredskap)			Inga sak
Statens legemiddelverk SLV	30.03.2011	Tilvirking av blod og blodkompon., gjeld alle blodbankane i HFD sendt dok. 18.11.11.	Tilsyn 06.05.11. Frist 07.12.11 for dokum. Er ikkje avslutta
KLIF (Klima /forureining)			Inga sak
Sogn og Fjordane Energiverk	15.11.10	Florø sjukehus Gjeld straumførande utstyr som t.d. heis, MTU, kompressorlegg, nødlýsanlegg m.m.	Tilsyn 03.11.10. Er avdekka fleire avvik, har sendt svar, er ikkje avslutta.
Branntilsyn	20.12.10	Lærdal sjukehus. Fleire avvik er påvist. Manglar no godkjent beredskapsplan.	Sendt foreløpig svar 01.07.11. Er ikkje avslutta.
Klageorgan	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentar/status
KOFA	15.07.11	Innleige av legevikarar VIKTEAM. Sendt brev 23.09.11	Er ikkje avslutta
Sivilombudsmannen	17.03.11	Klage til Sivilombudsmannen frå advokatfirmaet Harris om mangl. bevaring av Nordfjord sjukehus	Sivilombudsmannen har ikkje sendt svar i saka
Revisjonsorgan	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentar/status
Riksrevisjonen	03.02.10	Ivaretaking av pasienttransport	Er ikkje avslutta.

Vedlegg:

- Klinikkvise verksemdsrapportar.